

# Gjølmesørene

Ein del av våtmarksområdet rundt Trondheimsfjorden, kanskje det største og viktigaste våtmarkssystemet i Noreg



Mads Løkeland  
Orkdal 14.01. 2010



Registrert som  
«Nasjonalt og regionalt  
viktige naturtyper»

Dette gjer at området  
naturleg kan få eit spesielt  
vern i følgje den nye  
«Biomangfaldslova»



# Trondheimsfjorden som våtmarksområde

Fjæreområde, grunne fjordområde, grunne ferskvatn,  
elvaører, elvestrekningar

Til saman utgjer dette eit komplekst våtmarkssystem med  
internasjonal verneverdi, og med ein dimensjon og  
mangfald som er sjeldan i Noreg.

Det er den samla dimensjonen og mangfaldet av lokalitetar  
som gjer dei så verdfulle.

Området er viktig for trekket til delar av Europas fuglar og for  
lokale næringstrekk og område for pardanning og hekking



# Bit for Bit forvaltning

90% av dei opprinnelege våtmarksområda rundt Trondheimsfjorden er borte

Dersom stadig fleire enkeltområde forsvinn, kan systemet bryte saman

Gjølmesørene er ein del av eit større heile.  
Konsekvensane ved nedbygging kan bli store

# Gaulosen og Buvikfjæra

Nasjonalt prioritert for å etablere marine  
verneområde

Gjølmesørene inngår i lokale trekk og næringsøk  
for fugl i Gaulosen/ Buvikfjæra

Verneplanen for Gaulosen styrkar behovet for vern  
av Gjølmesørene

# Norsk målsetting

Stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010  
Målsettinga vart etablert under Bondevik-regjeringa  
Målet er vidareført av Stoltenberg I og II

# Internasjonale kampanje Countdown 2010

«Undertegnede vil benytte enhver mulig eller praktisk anledning til å: Støtte forpliktelsene til å stanse eller betydelig redusere nåværende tap av biologisk mangfold innen 2010»

«Forplikte oss til..

Betydelig redusere vår egen negative påvirkning på biologisk mangfold.»



Orkdal kommune har  
underskrevet kampanja



## Orkanger, 1920 - Elvedelta



Det største elvedeltaet i Skandinavia



## Orkanger, 2009 - Industri



I tråd med målsettinga i Countdown 2010 må siste rest av deltaet få eit varig vern som eit bidrag til å stanse tapet av biologisk mangfald



# Mangeårig arbeid for vern

I 2004 overrakte underteikna eit brev til miljøvernminister Børge Brende:

Stans nedbygging av Trondheimsfjorden som våtmarksområde, spesielt:

- Gjølmesørene
- Stjørdalselvas utløp
- Ørin i Verdal

Andre organisasjonar med tilsvarande initiativ Ørin er sikra – no står det om Gjølmesørene



# Gjølmesørene som naturreservat

- Naturvernforbundet, Orklaregionen
- Naturvernforbundet i Sør Trøndelag
- Norsk ornitologisk forening, Orkla
- Aksjonsgruppe for vern av Gjølmesørene
- Utdanningsforbundet ved Orkdal vgs
- Med støtte frå biologielevar ved Orkdal vgs

Har sendt brev til Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet og bede om at området får status som naturreservat

Vi reknar med at også Orkdal kommune stiller seg bak dette